



Folkehelseoversikt for Sveio 2023

VILJE TIL VEKST OG EIN GOD STAD Å LEVA

INNHOOLD

FØREORD	3
SAMANDRAG/ OPPSUMMERING	4
A - BEFOLKNINGSSAMANSETNAD	6
Kven er ibuarane våre?	6
Statistikk	8
B - OPPVEKST OG LEVEKÅRSTILHØVE	16
Korleis er det å gå i barnehage og på skule i kommunen?	16
Kvalitativ utdjuping.....	23
Korleis er det å arbeida her?	23
Statistikk	24
Kvalitativ utdjuping.....	26
Korleis er bustadthøva i kommunen?	26
Statistikk	28
Kvalitativ utdjuping.....	31
Korleis er dei økonomiske forholda og i kva grad er det skilnader?	32
Statistikk	33
Kvalitativ utdjuping.....	37
C - FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ	37
Korleis er det fysiske miljøet og i kva grad er det gjort trygt og tilgjengeleg for befolkninga?	37
Statistikk	38
.....	39
Kvalitativ utdjuping.....	40
Kva sider ved det kjemiske og biologiske miljøet bør vi vera særskilt merksame på?	40
Statistikk:	41
Kvalitativ utdjuping.....	42
Kva sider ved det sosiale miljøet vi bør vera særskilt merksame på?	42
Statistikk	43
Kvalitativ utdjuping.....	46
Er dei sosiale møteplassane og arenaene gode nok og mange nok?	46
Statistikk	47
Kommunale data	48
Kvalitativ utdjuping.....	49
D - SKADAR OG ULUKKER	50

Kva for type skadar og ulukker blir ibuarane våre utsette for? Kvar og korleis skjer ulukkene? Kven blir råka?.....	50
Statistikk	50
Kvalitativ utdjuping.....	52
E - HELSERELATERT ÅTFERD	52
Korleis lever folk liva sine?	52
Statistikk	54
Kvalitativ utdjuping.....	64
Kva gjer kommunen for å leggja til rettes for sunne levevanar?	64
Kommunale data	64
Kvalitativ utdjuping.....	66
F - HELSETILSTAND	66
Korleis er helsa til befolkninga?	66
Statistikk	68
Kvalitativ utdjuping.....	81
Kjelder for statistikk	82

Føreord

Sveio kommune sin gjeldande folkehelseoversikt blei handsama av Sveio kommunestyre i sak 060/19 i møtet 30. september 2019. Det er såleis innanfor lovkravet at det no er utarbeidd ny og oppdatert oversikt.

Kommunane sine plikter innanfor folkehelsearbeidet er heimla i Lov om folkehelsearbeid (folkehelseova) av 24. juni 2011. Kravet om å ha oppdatert oversikt over stoda er teke inn i §5 i lova (Kjelde: lovdata.no):

§ 5.Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i kommunen

«Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne. Oversikten skal blant annet baseres på:

- a) opplysninger som statlige helsemyndigheter og fylkeskommunen gjør tilgjengelig etter §§ 20 og 25,
- b) kunnskap fra de kommunale helse- og omsorgstjenestene, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-3 og
- c) kunnskap om faktorer og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innvirkning på befolkningens helse.

Oversikten skal være skriftlig og identifisere folkehelseutfordringene i kommunen, herunder vurdere konsekvenser og årsaksforhold. Kommunen skal særlig være oppmerksom på trekk ved utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale eller helsemessige problemer eller sosiale helseforskjeller.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om krav til kommunens oversikt.»

Kommunen sine plikter er utdjupa nærare i «Forskrift om oversikt over folkehelsen» av 28. juni 2012 (Kjelde: lovdata.no):


§ 5.Krav om oversiktsdokument hvert fjerde år

«Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide et samlet oversiktsdokument hvert fjerde år som skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet. Oversiktsdokumentet skal foreligge ved oppstart av arbeidet med planstrategi etter plan- og bygningsloven § 7-1 og § 10-1. Oversiktsdokumentet skal ikke inneholde opplysninger som kan knyttes til enkeltpersoner, jf. personopplysningsloven § 2 nr. 1.

Kommunen skal samarbeide og utveksle informasjon med fylkeskommunen i arbeidet med oversiktsdokumentet. Fylkeskommunen skal understøtte kommunene, samarbeide og utveksle informasjon med kommunene i arbeidet med sitt oversiktsdokument.»

Sveio kommune opplever at Vestland fylkeskommune er ein svært god støttespelar i både oversiktsarbeidet og det generelle folkehelsearbeidet. Fylkeskommunen har høg kompetanse på fagfeltet og er svært positiv til å støtta kommunane i fylket i arbeidet deira. Vestland fylkeskommune inviterer jamleg dei folkehelseansvarlege i kommunane til faglege samlingar, der mellom anna oversiktsarbeidet er eit viktig tema. Samanslåinga av dei to tidlegare fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane har ført med seg endringar også på folkehelseområdet. I tillegg har det gjennom pandemien vore færre samlingar for folkehelsekoordinatorar enn det som var vanleg før 2020. Det har likevel vore skipa til gode faglege samlingar elektronisk gjennom pandemien.

Folkehelsearbeidet er ikkje eit ansvar som ligg til helse- og omsorgstenestene aleine. Folkehelsearbeidet er eit ansvar for alle delar av den kommunale verksemda. Somme fagfolk har gått så langt som å seia at folkehelsearbeidet er 10% helse- og sosialtenester og 90 prosent andre tenester. Føremålet med folkehelsearbeid er å førebyggja «uhelse» som i neste omgang krev behandling i helsevesenet. Difor må alle i Sveio kommune sjå på seg sjølve som «folkehelsearbeidarar». Arbeidet til barnehagelæraren, læraren og bibliotekaren er med på å fremja god folkehelse. Det same gjeld helsesjukepleiaren, sjåføren i brøytebilen og driftsoperatøren på vassverket. Kort sagt er gode tenester eit viktig grunnlag for god folkehelse.



Føremålsparagrafen i folkehelselova legg tydelege føringar for kommunane sitt arbeid (Kjelde: lovdata.no):

§ 1. Formål

«Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.

Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.»

Informasjon til og dialog med kommunen sine ibuarar er og ei svært viktig side av folkehelsearbeidet. Menneske gjer val som vil ha påverknad på helsetilstanden både på individ- og samfunnsnivå både på kort og lang sikt. Vi ser at mange såkalla livsstilssjukdomar har auka i omfang dei seinare åra. Dette gjeld både nasjonalt, regionalt og lokalt. Samstundes ser vi at det nyttar å arbeida for å redusera usunne levevanar. Den sterke reduksjonen i talet på dagleg-røykjarar er eit godt døme på dette, og vi kan alt no sjå at sjukdomstilfelle som er relaterte til røyking, er i ferd med å bli reduserte.

Kommunen rår over mange verkemiddel som kan fremja folkehelsa. Dette er omtala i §§ 6-7 i folkehelselova (Kjelde: lovdata.no):

§ 6. Mål og planlegging

Oversikten etter § 5 annet ledd skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi. En drøfting av kommunens folkehelseutfordringer bør inngå i strategien, jf. plan- og bygningsloven § 10-1.

Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplaner etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for folkehelsearbeidet som er egnet til å møte de utfordringer kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten etter § 5 annet ledd.

§ 7. Folkehelseiltak

Kommunen skal iverksette nødvendige tiltak for å møte kommunens folkehelseutfordringer, jf. § 5. Dette kan blant annet omfatte tiltak knyttet til oppvekst- og levekårsforhold som bolig, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljøer, fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulykker, tobakksbruk og alkohol- og annen rusmiddelbruk.

Kommunen skal gi informasjon, råd og veiledning om hva den enkelte selv og befolkningen kan gjøre for å fremme helse og forebygge sykdom.

Som det går fram av § 6, skal dette oversiktsdokumentet vera ein del av grunnlaget for kommunen sin planstrategi som skal handsamast av kommunestyret innan eitt år etter konstituerande møte, jamfør Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova), §10-1.

Teksten i dette dokumentet er skriven på kommunen sitt offisielle administrasjonsmål, nynorsk. Det same gjeld for dei fleste av tabellane. Det vil likevel vera ein del statistikk og figurar som berre er tilgjengelege på bokmål og som ikkje det har vore mogeleg å omsetja. Desse er tekne inn på bokmål.

Oversikta er utarbeidd av folkehelsekoordinator Petter Steen jr. på vegner av rådmannen i Sveio.

Samandrag/ oppsummering


Sveio kommune skil seg lite ut frå samanlikningsgrupper som Kostragruppe 1, Vestland fylke og landet utan Oslo på svært mange av variablane som fortel om stoda for folkehelsa. På nokre felt, slik som bruk av alkohol, tobakk og illegale rusmiddel, er tala for Sveio kommune svært positive, noko som kan tyda på at det har vore drive godt førebyggjande arbeid over tid.

Rådmannen vil streka under at det i ein etter måten liten kommune som Sveio er naudsynt å prioritera strengt mellom ulike tiltak om ein skal få effekt i folkehelsearbeidet. Folkehelseoversikt 2023 syner at vi i kommunen sitt vidare planarbeid bør ha eit særleg fokus på desse områda:

- Grunnleggande dugleikar i skulen. Lesing og skriving er to dugleikar som har innverknad på all læring i skulen. I tillegg har dei innverknad på deltaking både i arbeids- og samfunnslivet. Sveio kommune må difor sikra at læringsutbyttet i skulen minst er på høgd med resten av fylket og landet. Satsingar på oppvekstfeltet blir berre vellukka om vi held fokus på utviklingsarbeidet over tid. Dette blir og eit viktig tema knytt til gjennomføringa av oppvekstreforma i Sveio kommune.

- Fysisk aktivitet i nærmiljøet og bedre kosthald. Sveio kommune har svært høge utgifter til skuleskyss under fire kilometer. For mange born og unge som bur nær skulen sin, må ha skyss på grunn av farleg skuleveg og manglande veglys. Statistikken som er teken inn her, gjeld kommunale vegar, men vi finn dei same manglane langs fylkesvegnettet i kommunen. Eit betre nett av gang- og sykkelveggar med lys vil spara kommunen for utgifter og stimulera til gange og sykling til og frå skulen.
- Samstundes ser vi at Sveio kommune ligg høgt med omsyn til overvekt på sesjon og førekomst av karies. Vi har og mykje høgare tal for nye tilfelle av tjukk- og endetarmskreft enn både fylket om landet. Denne kreftforma er relatert til alder, men feil kosthald er og ein viktig risikofaktor.
- Det er viktig at Sveio kommune tek omsyn til desse mogelege samanhengane i planarbeidet framover. Både blant unge, vaksne og eldre vil det vera viktig å stimulera til auka fysisk aktivitet og eit sunt kosthald.
- Utanforskapan ser ut til å auka i kommunen. Mange lever av uføretrygd, samanlikna med dei næraste nabokommunane. For mange born veks opp i familiar med vedvarande låginntekt. Dette kan forsterka sosial ulikskap i helse, noko som det er ei sentral oppgåve for kommunen å førebyggja.

Dette oversiktsdokumentet vil vera ein del av grunnlaget for planstrategien som skal leggjast fram for kommunestyret, slik det går fram av lovverket.



A - Befolkningsamansetnad

KVEN ER IBUARANE VÅRE?

Sveio hadde god vekst i folketalet dei første femten åra av dette hundreåret. Kommunen hadde då både fødselsoverskot og netto positiv flyttelebanse. Veksten har flata ut dei siste åra, og i 2022 opplevde kommunen for første gong på lenge ein liten nedgang i folketalet på 23 personar. Ei årsak er lågare fødselstal. Ei anna årsak er lågare netto innflytting, både innanlands og frå utlandet. Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 1-8 er desse:

Tabell 1:

- Prognosen tilseier at Sveio kommune vil ha stabilt låge fødselstal, rundt 50 born per år, i åra fram mot 2031.
- Tendensen vil bli sterkare i åra som kjem. I 2022 var fruktbarheitstalet i Noreg rekordlågt med 1,41 barn per kvinne. 54 % av kvinnene som fylte 30 år i 2022 (1992-kohorten), hadde enno ikkje fått barn. Kjelde: ssb.no

Tabell 2:

- Prognosen for born i barnehagealder syner også ein nedgåande trend. Til liks med prognosen for 0-åringar, blir prognosen for 1-5-åringar meir usikker utover i perioden.
- Talet på 1-5-åringar i kommunen var 447 i 2015. Prognosen tilseier at det vil vera 300 personar i den same aldersgruppa i 2025. Dette er ein reduksjon på om lag 33 % på ti år.

Tabell 3:

- Prognosen for born i barneskulealder syner og ein kraftig nedgang. I 2022 var det 626 personar i denne aldersgruppa. Prognosen tilseier at talet i 2031 vil liggja rundt 450. Dette er ein reduksjon på i underkant av 30 %.
- Reduksjonen utgjer sju heile barneskuleklassar om vi legg til grunn ein gruppestorleik på 25.

Tabell 4:

- Talet på personar i ungdomsskulealder vil halda fram med å stiga til ein topp på om lag 280 i 2025. Auken kan forklarast med at dei store kulla frå barneskulen no går over i ungdomsskulen. Frå og med 2026 vil også talet på personar i ungdomsskulealder ha ein nedgåande trend.

Tabell 5:

- Den eldste tenåringsgruppa vil auka fram til 2028. Etter dette vil også denne gruppa bli mindre.
- Inntektssystemet for kommunane gjev lite pengar til primærkommunane for denne aldersgruppa, i og med at vidaregåande opplæring er eit fylkeskommunalt ansvar. Kommunane har likevel utgifter til denne gruppa, til dømes til kulturtilbod og helsetenester.
- Om vi ser på tabell 4 og 5 under eitt, ser vi at tenåringsgruppa vil veksa i Sveio kommune i endå nokre år. Det kan gje auka utgifter til helse, kultur- og fritidstilbod og andre førebyggjande tiltak.

Tabell 6:

- Den yngste gruppa av personar i yrkesaktiv alder, 20-44 år, vil halda seg rimeleg stabil fram til 2031.

Tabell 7:

- Aldersgruppa 45-66 vil auka jamt gjennom perioden. Det er viktig at denne gruppa held seg i arbeid lengst mogeleg, då trongen for arbeidskraft vil auka i åra som kjem, særleg innanfor helse- og omsorgssektoren.

Tabell 8:

- Aldersgruppa 67-79 («dei unge pensjonistane») vil auka jamt gjennom perioden.
- Svært mange i denne gruppa har god helse og gjev viktige bidrag i samfunnslivet i kommunen.

Tabell 9:

- Talet på personar i aldersgruppa 80-89 vil auka kraftig i perioden fram til 2031, frå om lag 180 personar i 2022 til vel 330 personar i 2031.
- Sjølv om mange vil vera ved god helse gjennom heile 80-åra, veit vi at mange og vil ha trong for omfattande tenester frå kommunen.

- Førekomsten av demenssjukdomar aukar med aukande alder. Helsedirektoratet reknar med at talet på personar med demens vil bli dobla i Noreg fram mot 2040. I overkant av 80 % av dei som har langtidsplass ved ein sjukeheim, har ein demenssjukdom. Det er difor grunn til å tru at auka førekomst av demenssjukdomar vil gje store utfordringar for helsevesenet, både i Sveio og i resten av landet. Ei særleg krevjande oppgåve blir å rekruttera nok kvalifisert personell.

Tabell 10.

- Det vil ikkje bli særleg store endringar i aldersgruppa over 90 år i perioden. Talet på personar i gruppa vil variera mellom 40 og 50.
- Det er grunn til å tru at den eldste aldersgruppa vil veksa meir i løpet av 2030-talet.

Tabell 11.

- På grunn av den sterke veksten i første delen av 2000-talet, har Sveio framleis ein ung folkesetnad samanlikna med mange andre kommunar.
- Sveio har, til liks med mange kommunar utanfor Osloregionen, eit tydeleg kvinneunderskot i den vaksne delen av folkesetnaden. Dette er over tid negativt for samfunnsutviklinga.

Tabell 12.

- Dei tre største innvandrargruppene i Sveio er personar frå Polen, Tyskland og Litauen, altså arbeidsinnvandrarakar frå EØS-området. Den største gruppa utanfor Europa er personar frå Filippinane.

Tabell 13.

- Personar frå EU/EFTA, Storbritannia, USA, Canada, Australia og New Zealand utgjer fleirtalet av innvandrarakar og norskfødde med innvandrareldre i Sveio. Ukraina høyrer til den andre gruppa (utanfor EU/EFTA, Storbritannia, USA, Canada, Australia og New Zealand), så det er grunn til å tru at denne gruppa vil veksa mest så lenge krigen i Ukraina held fram.

Tabell 14.

- Talet på personar per husstand i Sveio held fram med å minka. Det er fleire grunnar til det. Talet på born per familie blir redusert. Mange av dei eldste ibuarane er enkjer, då kvinner i gjennomsnitt lever lengre enn menn, og det er vanleg at kvinnene er yngre enn ektefellene sine. Einmannshushald er den vanlegaste familietypen i Sveio.

Tabell 15.

- Utdanningsnivået i Sveio er stigande. Delen av folkesetnaden som har grunnskule som høgaste fullførte utdanning, blir redusert år for år. Mange i denne gruppa høyrer til i dei eldste aldersgruppene som blei yrkesaktive i ei tid der kravet til utdanning var lågare.
- Særleg blant mennene finn vi mange med vidaregåande skule og fagskule som høgaste fullførte utdanning. Langt fleire kvinner enn menn har kort høgare utdanning som høgaste fullførte utdanning. I denne gruppa finn vi til dømes lærarakar, sjukepleiararakar og andre høgskulegrupper med tilknytning til helse- og omsorgssektoren.
- Blant dei med lang høgare utdanning var det tidlegare eit tydeleg fleirtal av menn. Dette har jamna seg ut dei seinare åra, og det er grunn til å tru at biletet er snudd heilt om berre om nokre få år. Tal frå juni 2023 syner at det no er fleire kvinner enn menn med lang høgare utdanning i Noreg, 11,6 % mot 11,5 % (Kjelde: ssb.no). Over 60 % av studentane som startar ved universitet og høgskular hausten 2023 er kvinner.


Tabell 16.

- Tabellen syner det totale utdanningsnivået i kommunen. Sveio er framleis det vi kan karakterisera som ein «fagarbeidarkommune».

Statistikk


Tabell 1: Utvikling i talet på ibuarar, 0-åringar. Prognose fram til 2031. Kjelde: ssb.no

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 0 år, Hovedalternativet (MMMM).




Tabell 2: Utvikling i talet på ibuarar, 1-5-åringar. Prognose fram til 2031. Kjelde: ssb.no

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 1-5 år, Hovedalternativet (MMMM).




Tabell 3: Utvikling i talet på ibuarar, 6-12-åringar. Prognose fram til 2031. Kjelde: ssb.no

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 6-12 år, Hovedalternativet (MMMM).




Tabell 4: Utvikling i talet på ibuarar, 13-15-åringar. Prognose fram til 2031. Kjelde: ssb.no

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 13-15 år, Hovedalternativet (MMMM).




Tabell 5: Utvikling i talet på ibuarar, 16-19-åringar. Prognose fram til 2031. Kjelde: ssb.no

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 16-19 år, Hovedalternativet (MMMM).




Tabell 6: Utvikling i talet på ibuarar, 20-44-åringar. Prognose fram til 2031. Kjelde: ssb.no

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 20-44 år, Hovedalternativet (MMMM).




Tabell 7: Utvikling i talet på ibuarar, 45-66-åringar. Prognose fram til 2031. Kjelde: ssb.no

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 45-66 år, Hovedalternativet (MMMM).




Tabell 8: Utvikling i talet på ibuarar, 67-79-åringar. Prognose fram til 2031. Kjelde: ssb.no

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 67-79 år, Hovedalternativet (MMMM).




Tabell 9: Utvikling i talet på ibuarar, 80-89-åringar. Prognose fram til 2031. Kjelde: ssb.no

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 80-89 år, Hovedalternativet (MMMM).



Tabell 10: Utvikling i talet på ibuarar, 90 år og eldre. Prognose fram til 2031. Kjelde: ssb.no


13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 90 år eller eldre, Hovedalternativet (MMMM).



Tabell 11: Alders- og kjønnsfordeling, Sveio kommune per 1. kvartal 2023. Kjelde: ssb.no

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen


Alder



Susann
MANN²³

Tabell 12: Personar med innvandrerbakgrunn i Sveio, utvalde land. Kjelde: ssb.no

Personer med innvandrerbakgrunn. Utvalgte land.




Kilde:

Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, Statistisk sentralbyrå

Tabell 13: Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, etter region. Kjelde: ssb.no


09817: Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, etter landbakgrunn og statistikkvariabel. Sveio, Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, 2023.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 14: Personar per husstand i Sveio kommune. Kjelde: ssb.no

09747: Privathusholdninger, etter år. Sveio, Personer per privathusholdning.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

år

Tabell 15: Utdanningsnivå i Sveio kommune, endring 2020-2022. Kjelde: ssb.no


09429: Personer 16 år og over, etter nivå, kjønn og år. Sveio, Personer 16 år og over (prosent).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

år

Høyeste fullførte utdanningsnivå



B - Oppvekst og levekårstilhøve

KORLEIS ER DET Å GÅ I BARNEHAGE OG PÅ SKULE I KOMMUNEN?

Grunnlaget for god helse seinare i livet blir lagt i dei tidlege barneåra. Difor er det viktig med gode barnehagar og skular som tek eit heilskapleg ansvar for borna si utvikling. Arbeidslivet i dag er svært ulikt det vi kjende berre for få år sidan. Det blir mindre og mindre plass til ufaglærte medarbeidarar, og det å ha ei utdanning som det er etterspurnad etter i arbeidslivet, blir difor viktigare og viktigare. Det er i barnehagen og grunnskulen grunnlaget blir lagt for seinare utdanning på vidaregåande nivå og i høgsokule- og universitetssektoren. Solid utdanning og trygg jobb er svært viktige førebyggjande faktorar i folkehelsearbeidet. Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 9-15 er desse:

Tabell 17:

- Barnehagedekninga i Sveio kommune har auka frå 2020 til 2022 og er no over 96 %. Kommunen har full barnehagedekning.

Tabell 18:

- Det er ein høgare del av borna i alderen 1-2 år som går i barnehage i 2022 enn i 2020. Dette er positivt, særleg med tanke på språktrening og sosial utjamning.

Tabell 19:

- Mest alle born i gruppa 3-5 år går i barnehagen. Dette er svært positivt, då barnehagen er ein viktig lærings- og sosialiseringarena. Når talet er over 100 % i denne gruppa, er grunnen at nokre born frå andre kommunar går i barnehagen i Sveio.

Tabell 20:

- Det er litt færre born i alderen 1-2 år som går i barnehagen i Sveio enn i Vestland fylke, men prosentdelen er heilt lik som i Kostragruppe 1 (samanliknbare kommunar).
- Del born i alderen 1-5 år som går i barnehagen, er lik for Sveio og Vestland og høgare enn i kostragruppa.
- Del born i alderen 3-5 år som går i barnehagen, er høgare i Sveio enn i samanlikningsgruppene.
- Tre av ti barnehageborn i Sveio går i kommunal barnehage. Det er lågare enn i samanlikningsgruppene.
- Talet på born per årsverk (grunnbemanning) er likt for Sveio og samanlikningsgruppene.
- Sveio har høgare dekning av barnehagelærarar (50,8 %) enn samanlikningsgruppene.
- Sveio ligg høgare enn samanlikningsgruppene med omsyn til spesialpedagogisk hjelp, både i kommunale og private barnehagar.
- Sveio ligg nær Vestland men høgare enn kostragruppa med omsyn til netto driftsutgifter til barnehage per ibuar 1-5 år.

Tabell 21:

- Sveio har framleis ein låg del av borna i SFO, sjølv om delen har stige frå 2020 til 2022. I 2022 blei det innført gratis kjernetid i SFO for førsteklassingar, noko som og førte med seg at det no er SFO-tilbod ved alle dei fem grunnskulane i kommunen.

Tabell 22:

- Etter at lesedugleiken blant femteklassingane i kommunen hadde betra seg over fleire år, fekk vi på ny svakare resultat skuleåret 2022/2023. Når meir enn fire av ti elevar les på nivå 1, er dette noko vi må ta på alvor. Dei nasjonale tala var betre dette skuleåret enn det førre.
- God lesedugleik er ein føresetnad for å kunna ta til seg kunnskap i alle skulefaga i grunnskulen, og seinare i vidaregåande opplæring og arbeidslivet.

Tabell 23:

- Også reknedugleiken var svakare skuleåret 2022/2023 enn åra før, målt ved nasjonale prøvar i 5. klasse. Rekning er og eit viktig reiskapsfag i heile opplæringa, ikkje berre i faget matematikk. Nær fire av ti elevar rekna på nivå 1. På nasjonalt nivå var talet ein av fire. Det er viktig å arbeida systematisk for å snu denne utviklinga.

Tabell 24:


- Sveio ligg nær både fylket og landet i grunnskulepoeng etter 10. klasse. Grunnskulepoenga byggjer berre på standpunktkarakterar for dei skuleåra som er omfatta av tabellen, i og med at eksamen i grunnskulen blei avlyst på grunn av pandemien.



Statistikk

Tabell 17: Barnehagedekning, Sveio. Utvikling 2020-2022. Kjelde: ssb.no


13502: Utvalgte nøkkeltall for barnehager, etter år. Sveio, Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 18: Del av born 1-2 år som går i barnehage. Kjelde: ssb.no


13502: Utvalgte nøkkeltall for barnehager, etter år. Sveio, Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år (prosent).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 19: Del av born 3-5 år som går i barnehage. Kjelde: ssb.no

13502: Utvalgte nøkkeltall for barnehager, etter år. Sveio, Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

år


Tabell 20: Nøkkeltal, barnehage, Sveio. Kjelde: ssb.no

		2020	2021	2022
Del born 1-2 år i barnehage, i høve til ibuarar 1-2 år (prosent)	Sveio	83,5	87,0	87,9
	Vestland	87,6	89,8	90,4
	KOSTRA-gruppe 1	84,5	86,1	87,9
Del born 1-5 år i barnehage, i høve til ibuarar 1-5 år (prosent)	Sveio	92,7	95,2	96,2
	Vestland	93,9	94,9	95,2
	KOSTRA-gruppe 1	92,5	93,1	93,1
Del born 3-5 år i barnehage, i høve til ibuarar 3-5 år (prosent)	Sveio	98,6	100,0	101,0
	Vestland	97,8	98,0	98,3
	KOSTRA-gruppe 1	97,2	97,3	96,4
Del born i kommunale barnehagar i høve til alle born i barnehage (prosent)	Sveio	33,1	32,1	30,5
	Vestland	42,2	42,0	46,2
	KOSTRA-gruppe 1	55,7	56,2	55,9
Tal born korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehagar (tal)	Sveio	5,7	5,6	5,7
	Vestland	5,7	5,7	5,7
	KOSTRA-gruppe 1	5,6	5,6	5,7
Del barnehagelærarar i høve til grunnbemanning (prosent)	Sveio	49,1	48,4	50,8
	Vestland	44,7	45,0	44,8
	KOSTRA-gruppe 1	43,4	44,2	44,0

Del born i kommunale barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	Sveio	9,1	5,0	4,3
	Vestland	3,8	4,1	4,1
	KOSTRA-gruppe 1	3,6	3,7	3,7
Del born i private barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	Sveio	4,5	6,5	5,2
	Vestland	3,1	3,3	3,4
	KOSTRA-gruppe 1	2,8	2,9	3,2
Del minoritetsspråklege born i barnehage i høve til innvandrarborn 1-5 år (prosent)	Sveio	93,8	108,8	125,0
	Vestland	82,6	82,9	83,9
	KOSTRA-gruppe 1	85,6	84,0	82,1
Korrigerede brutto driftsutgifter til barnehagar per korrigerede oppholdstimar i kommunale barnehagar (kr)	Sveio	97,8	106,3	104,9
	Vestland	79,0	89,3	95,2
	KOSTRA-gruppe 1	75,6	83,1	85,7
Korrigerede brutto driftsutgifter per korrigerede oppholdstimar i kommunale barnehagar (kr)	Sveio	68,7	74,9	76,2
	Vestland	61,6	68,2	73,2
	KOSTRA-gruppe 1	61,6	67,6	69,4
Netto driftsutgifter barnehagar i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter (prosent)	Sveio	16,5	16,4	13,9
	Vestland	14,8	15,1	14,3
	KOSTRA-gruppe 1	13,6	13,8	13,0
Netto driftsutgifter barnehagar, per ibuar 1-5 år (kr)	Sveio	178189	194242	193003
	Vestland	172043	187473	194061
	KOSTRA-gruppe 1	166415	178735	184538

Tabell 21: Born i SFO, del av ibuarar 6-9 år. Kjelde: ssb.no

11975: Barn i SFO, etter region og år. Innbyggere 6-9 år i kommunal SFO (prosent).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 22: Lesedugleik, 5. klasse, Sveio kommune. Kjelde: udir.no

Mestringsnivåer – utvikling over tid – lesing 5. årstrinn
 Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Sveio kommune (DER), 5. årstrinn, Lesing, Alle elevformer, Begge kjønn

Resultat heile landet:

Mestringsnivåer – utvikling over tid – lesing 5. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Tabell 23: Reknedugleik, 5. klasse, Sveio kommune. Kjelde: udir.no

Mestringsnivåer – utvikling over tid – regning 5. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Resultat heile landet:



Tabell 24: Grunnskulepoeng etter 10. klasse, Sveio kommune. Kjelde: udir.no

	2019-2020.	2020-2021.	2021-2022.
Heile landet	43,2	43,3	43,4
Vestland	43,3	43,5	43,6
Sveio	43,7	40,2	42,8

Kvalitativ utdyping

Sveio kommune har, som barnehage- og skuleeigar og som tilsynsstyresmakt for dei private barnehagane, eit godt system for oppfølging av kvalitetsarbeidet i barnehage og skule. Det er svært viktig at skulane og barnehagane kan få til læring på tvers av einingane. Det er viktig å arbeida systematisk med både sosial utvikling og læringsutbyte. Resultata frå nasjonale prøvar skuleåret 2022/2023 syner at vi må ha evna til å halda fokus over tid når vi skal snu ei negativ utvikling.

KORLEIS ER DET Å ARBEIDA HER?

Sveio kommune sin gjeldande visjon er «Vilje til vekst og ein god stad å leva». Kommunen er med andre ord ein typisk bustadkommune med stor netto utpendling til nabokommunane i Nord-Rogaland og Sunnhordland.

Sveio kommune er tett integrert med storregionen mellom Boknafjorden og Bjørnafjorden. Kommunen sine ibuarar har ein stor tilgjengeleg arbeidsmarknad innanfor det som er definert som akseptabel pendelavstand (45 minutt). Dette er positivt. Likevel er det viktig å sjå at få arbeidsplassar i nærmiljøet og kan gje utfordringar, særleg for dei som har vanskelegast for å få arbeid. Kollektivtilbodet i området er dårleg, noko som fører med seg at det til dømes kan vera vanskeleg å pendla for personar som ikkje disponerer eigen bil.

For dei som er i denne situasjonen, kan ein tapt arbeidsplass i nærmiljøet føra med seg langvarig arbeidsløyse, noko som er ei utfordring i eit folkehelseperspektiv. Det er difor viktig for folkehelsa at det og finst eit godt utval av arbeidsplassar i nærmiljøet. Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 25-29 er desse:

Tabell 25:

- Om vi går nokre tiår attende, var primærnæringane dominerande for sysselsetjinga i Sveio. Slik er det ikkje lenger. Desse næringane står i dag for 4,8 % av sysselsetjinga i kommunen.
- Sveio har ein etter måten stor del av sysselsetjinga i privat sektor.
- Innanfor offentleg sektor er både undervisning og helse- og sosialtenester store grupper.
- Kommunen sjølv er dominerande innanfor offentleg administrasjon. Det er berre ei fylkeskommunal verksemd i kommunen, tannklinikken. Det er ei statleg verksemd, NAV Stat.

Tabell 26:

- Sysselsetjingsgraden er særleg høg blant innvandrarak i gruppe 1 (EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand). Dette gjeld både for menn og kvinner.
- Sysselsetjingsgraden er etter måten låg blant innvandrarak i gruppe 2 (resten av verda), og det er verd å merkja seg at sysselsetjingsgraden er særleg låg for kvinner i denne gruppa.
- Det er svært viktig i eit folkehelseperspektiv å auka sysselsetjingsgraden blant innvandrarak i gruppe 2.

Tabell 27:

- Sveio har størst netto utpendling av kommunane i nærområdet. Størstedelen av utpendlinga går mot grannekommunane i sør, Haugesund, Tysvær og Karmøy (til saman 1.215 personar). Til samanlikning var det 1.018 sveibuar som jobba i eigen kommune i 2022. Til saman 193 personar pendla nordover til grannekommunane Bømlo og Stord. Sveio er svært sterkt integrert i den sams bu- og arbeidsmarknaden i byområdet rundt Haugesund og i mindre grad i Sunnhordland.

Tabell 28:

- Dei siste tilgjengelege tala syner at uføregraden i Sveio er høg, både blant menn og kvinner, men mest blant kvinnene. Av kommunane i nærområdet er det berre Karmøy som har ein høgare del uføretrygda enn Sveio. Dette er ei utfordring i folkehelsearbeidet. Personar som blir ståande utanfor arbeidslivet, risikerer å oppleve isolasjon og einsemd, samstundes som dei får dårlegare økonomi. Det er difor viktig å ha denne utviklinga under observasjon, slik at det kan bli sett inn verknadsfulle tiltak for å snu henne.

Tabell 29:

- Den registrerte arbeidsløysa i Sveio kommune var gjennom mest heile den første delen av 2023 svært låg. Dette er i samsvar med trenden både i Vestland fylke og i landet.

Statistikk


Tabell 25: Sysselsette etter sektor, Sveio, 2022. Kjelde: ssb.no

		2022
20-66 år	Alle næringar	2549
	Jordbruk, skogbruk og fiske	122
	Bergverksdrift og utvinning	162
	Industri	256
	Elektrisitet, vatn og renovasjon	44
	Bygge- og anleggsverksemd	274
	Varehandel, reparasjon av motorvogner	269
	Transport og lagring	173
	Overnattings- og serveringsverksemd	54
	Informasjon og kommunikasjon	33

	Finansiering og forsikring	3
	Teknisk tenesteyting, egedomsdrift	79
	Forretningsmessig tenesteyting	92
	Off.adm., forsvar, sosialforsikring	82
	Undervisning	233
	Helse- og sosialtenester	586
	Personlig tenesteyting	67
	Ikkje oppgjeve	20

Tabell 26: Sysselsette innvandrere 2022, Sveio kommune. Kjelde: ssb.no

11607: Sysselsatte innvandrere 4. kvartal, etter kjønn og landbakgrunn. 20-66 år, Sysselsatte i prosent av personer i alt i hver gruppe, Sveio, 2022.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 27: Pendling mellom Sveio kommune og dei næraste nabokommunane 2022. Kjelde: ssb.no

2022	Arbeidskommune								
	Bustad	Haugesund	Tysvær	Karmøy	Vindafjord	Etne	Sveio	Bømlo	Stord
Haugesund		12340	1056	2541	255	28	205	54	111
Tysvær		1669	2279	657	293	9	45	11	25
Karmøy		5190	769	11811	224	10	82	18	52
Vindafjord		316	219	138	3271	186	35	6	23
Etne		69	30	27	402	1283	4	0	14
Sveio		871	163	181	66	9	1018	35	158
Bømlo		128	14	26	11	2	33	4302	731
Stord		235	38	40	36	12	37	276	7522

Tabell 28: Uføretrygd, Sveio kommune og dei næraste nabokommunane 2022. Kjelde: ssb.no

11695: Uføretrygdede, etter region og kjønn. Uføretrygdede i prosent av befolkningen, 2022.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 29: Arbeidsløyse, utvikling våren 2023, Sveio kommune og Vestland fylke. Kjelde: nav.no

Vestland	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
I alt Vestland	1,8	1,8	1,7	1,7	1,5	1,5
4612 Sveio	1,2	1,0	1,0	0,9	1,0	1,3

Kvalitativ utdyping

Den registrerte arbeidsløysa i Sveio kommune er for tida låg, men vi veit at det er mørketal også på dette området. Uføregraden i kommunen er urovekkjande høg. Det er viktig å finna ut av årsakene til dette. Eit liv som ufør utanfor arbeidslivet kan føra med seg isolasjon og varig utanforskap, noko som er svært negativt for folkehelsa.

KORLEIS ER BUSTADTHØVA I KOMMUNEN?

Det å ha tilgjenge til ein trygg og stor nok bustad av god standard er ein grunnleggjande føresetnad for eit godt liv.

Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) utførte i 2014 eit forskingsprosjekt på oppdrag frå Husbanken om samanhengen mellom bustadtilhøve og folkehelse. Forskningsprosjektet konkluderte med desse hovudfunna (kjelde: veiviseren.no):

Oversikt over hovudfunn

- Bustadområde som har varierte omgivningar og som tilbyr eit variert romleg mønster, det vil seie tilgang på offentlig kommunikasjon, offentlege og private tenester, tenester innanfor kultur og konsumpsjon, tilgang til fysisk aktivitet og nærriluftsliv, påverkar den fysiske helsa positivt fordi bebuarane enkelt kan bruke sitt nærrområde og det er mogleg å gå og sykle.
- Gode bustadområde påverkar også den mentale helsa til bebuarane. Først og fremst fordi det er mogleg å vere fysisk aktiv i tilknytning til bustaden, men også fordi områda legg til rette for at det kan byggjast sosial kapital mellom bebuarane.
- Fysiske manglar ved buområde eller nabolag dreier seg ofte om manglande grøntområde, for tett busetnad, bustadområde som ser slitne ut som følgje av graffiti og tagging, søppel og rot, kriminalitet og vald, støy og utslepp frå trafikk og industri. Dette er til dels også knytt til opphoping av bebuarar med lav sosioøkonomisk status (SES) og segregering langs dimensjonane landbakgrunn og alder. Begge desse gruppene av faktorar påverkar både den fysiske og den mentale helsa negativt.
- Ein faktor som trangbuddheit viser seg å vere viktig for barn sine skuleprestasjonar, og dessutan for deira mentale helse og trivsel meir generelt.
- Personar som har utfordringar med omsyn til rus og psykiatri har svak tilknytning til bustadmarknaden og dei bur også ofte dårleg. Det er også påvist at menneske med innvandrarbakgrunn har vanskar med å kome inn på bustadmarknaden, dette gjeld også i Noreg. Det er også slik at dei sjeldnare enn andre eig sin eigen bustad.
- Studiane vi har gått gjennom konkluderer ulikt med omsyn til bustad som sjølvstendig orsak til helsetilstand. I korrelasjonsanalysar og bivariate analysar kjem denne typen effektar fram, men dei kan overstyrast av effektane variablane utdanning og inntekt har på helse når dei vert prøvd i multivariate analysar. At utdanning og inntekt påverkar helse er ei velkjend problemstilling, dette er dei to viktigaste påvirkningsfaktorane for helse.
- Studiane vi har gått gjennom viser til at utdanning og inntekt samvarierer med bustad på en slik måte at dei påverkar kva for eit buområde eller nabolag ein kan busette seg i og kva for ein bustad ein kan ha. Denne sterke samvariasjonen viser til at bustad er ulikt fordelt i befolkninga avhengig av utdanning og inntekt. Samstundes viser også studiar som bruker tidsseriar og paneldata at bustad og spesielt bustadområde er ein sjølvstendig orsak til helsetilstand.

Bustadtilhøve i kommunen må såleis vera eitt av dei viktigaste fokusområda i folkehelsearbeidet. Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 30-36 er desse:

Tabell 30:

- Einebustad er framleis den heilt dominerande bustadtypen i Sveio, sjølv om det dei seinare åra har vore ei dreining i retning av meir konsentrerte bustadtypar.

Tabell 31:

- Delen som bur trøngt, er redusert med om lag 0,5 prosentpoeng frå 2020 til 2022. Dette er ei positiv utvikling.

Tabell 32:

- Urbaniseringstrenden held fram i Sveio kommune. Delen av folkesetnaden som bur i tettstad, er aukande. Den store endringa frå 2020 til 2021 kjem av at Førde på ny fell innanfor SSB sine kriterium for kva som skal reknast som ein tettstad.

Tabell 33:

- Førde fall ut av SSB sin definisjon av tettstad i 2013, men blir på ny rekna som tettstad frå 2021. I åra 2013-2016 var det berre ein tettstad i kommunen, Sveio sentrum. Rophus blei definert som tettstad frå 2017, slik at det mellom 2017 og 2020 var to tettstader. Frå 2021 er det tre tettstader i Sveio kommune.
- Folketalsveksten i Sveio kjem i tettstadene. Sveio sentrum er den suverent største tettstaden i kommunen med eit høgare ibuartal enn til dømes nærliggjande kommunesentra som Aksdal, Ølen og Etne.

Tabell 34:

- Delen som leiger bustad i Sveio, er svært låg. Det er positivt at dei fleste av kommunen sine ibuuarar er sjølveigarar, då dette kan gje tryggleik i høve til eige butilhøve. Samstundes kan det og vera ei utfordring om det er for få tilgjengelege bustader på leigemarknaden. Det kan gjera det vanskeleg å

skaffa bustad til dei som ikkje har eigenkapital nok til å kjøpa sin eigen bustad. Det kan og gjera det vanskeleg for menneske som snøgt treng ein ny bustad, til dømes etter eit samlivsbrot.

- Mottak av flyktningar frå Ukraina har gjort det synleg at utleigemarknaden i Sveio er liten. Det er ikkje grunn til å tru at krigen vil ta slutt med det første. Både Sveio og andre kommunar vil difor truleg få stadig større utfordringar med å skaffa bustad til nye flyktningar.

Tabell 35:

- Kvadratmeterprisen for einebustad er lågare i Sveio enn i dei nærare større grannekommunane, men høgare enn i Etne og Vindafjord lenger aust i regionen.
- Vi har ikkje tilgjengeleg tal for ulikskap i kvadratmeterprisar for einebustad internt i kommunen.

Tabell 36:

- Kvadratmeterprisen for leilegheiter er lågare i Sveio enn i grannekommunane. Dette kan gjera det lettare å koma inn på bustadmarknaden for unge som skal etablera seg. Det kan og gjera det lettare for eldre som ønskjer å flytta frå einebustad til leilegheit.

Statistikk

Tabell 30: Fordeling av bustadtypar 2018 og 2023, Sveio. Kjelde: ssb.no

2018

Einebustad	2377
Tomannsbustad	161
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	166
Bustadblokk	17
Bygning for bufellesskap	27
Andre bygningstypar	63


2023

Einebustad	2465
Tomannsbustad	178
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	168
Bustadblokk	25
Bygning for bufellesskap	26
Andre bygningstypar	71



Tabell 31: Del av folkesetnaden som bur trangt, Sveio kommune. Kjelde: ssb.no


11046: Personer, etter år. Sveio, Bor trangt, få rom og kvm, Personer (prosent).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 32: Busette i tettstad, Sveio kommune. Kjelde: ssb.no


04861: Areal og befolkning i tettsteder, etter statistikkvariabel og år. Sveio.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 33. Folketal i Sveio sine tettsteder. Kjelde: ssb.no


04859: Areal og befolkning i tettsteder, etter tettsted og år. Bosatte.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 34: Del som eig og som leiger bustad, Sveio kommune. Kjelde: ssb.no


11084: Husholdninger, etter eierstatus og år. Sveio, Antall husholdninger.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 35: Einebustader, kvadratmeterpris, samanlikna med dei næraste nabokommunane, 2022.
Kjelde: ssb.no


06035: Selveierboliger, etter region. Gjennomsnittlig kvadratmeterpris (kr), Eneboliger, 2022.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 36. Leilegheiter, kvadratmeterpris, samanlikna med dei næraste nabokommunane, 2022.
Kjelde: ssb.no

06035: Selveierboliger, etter region. Gjennomsnittlig kvadratmeterpris (kr), Blokkleiligheter, 2022.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Kvalitativ utdyping

Sveio kommune har over tid hatt ei utvikling der ein større og større del av bustadbygginga har skjedd i Sveio sentrum og i Vikse skulekrins (Rophus/Ekrene). Per august 2023 har kommunen 11

ledige tomter for sal, fire i Førde, to i Buavåg, ei på Tittelsnes og fire i Auklandshamn. I tillegg er det åtte ledige tomter i det private bustadfeltet Sveiåsen 3 i Sveio sentrum (Kjelde: sveio.kommune.no).

I eit folkehelseperspektiv er det viktig å sjå til at både dei delane av kommunen som opplever fortetting og vekst i folketalet, og dei delane som opplever fråflytting og stagnasjon, får utvikla gode bumiljø slik det er skildra i NIBR sin rapport.

KORLEIS ER DEI ØKONOMISKE FORHOLDA OG I KVA GRAD ER DET SKILNADER?

Svært mange utfordringar i høve til folkehelsa heng saman med sosial og økonomisk ulikskap. Dette er mellom anna spegla i føremålsparagrafen til folkehelselova. Dette er såleis eit svært viktig tema i folkehelsearbeidet.

I Folkehelse rapporten frå Folkehelseinstituttet for 2014 kan vi lesa dette om samanhengen mellom sosioøkonomiske faktorar og folkehelse (Kjelde: fhi.no):

Om sosiale helseforskjeller

Når man sammenlikner grupper i samfunnet, finner man systematiske forskjeller i helse. Jo lengre utdanning og høyere inntekt en gruppe har, jo høyere andel av gruppens «medlemmer» har god helse (Helsedirektoratet, 2005; Huisman, 2005). Dette kalles sosiale helseforskjeller eller sosial ulikhet i helse.

Helsa blir bedre for hvert trinn på den sosioøkonomiske stigen. Jo lengre utdanningen er, desto bedre er helsa. Det samme gjelder inntekt. Ikke bare har de nest fattigste bedre helse enn de aller fattigste, vi ser også at de aller rikeste i gjennomsnitt har litt bedre helse enn de nest rikeste.

De sosiale helseforskjellene gjelder for nesten alle sykdommer, skader og plager. Vi ser forskjellene i alle aldersgrupper, og hos menn og kvinner. De innebærer mange tapte arbeidsdager og leveår med god helse og livskvalitet.

Sosiale helseforskjeller er urettferdige og representerer et tap for både enkeltmennesker, familier og samfunnet. Befolkningens totale helsepotensiale utnyttes ikke fullt ut.

Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 37-43 er desse:

Tabell 37:

- Sveio kommune skil seg lite ut frå grannekommunane med omsyn til medianinntekt etter skatt i 2021. I totaloversynet er det Haugesund som peikar seg ut med det lågaste talet. Dette heng saman med regionsenteret sin funksjon, der mange menneske med få ressursar trekkjer inn mot byen.

Tabell 38:

- Det er liten skilnad mellom Sveio og grannekommunane med omsyn til medianinntekt for par utan born 0-17 år, 2021. Regionsenterkommunane Haugesund og Stord har den høgaste medianinntekta for denne gruppa.

Tabell 39:

- Det er liten skilnad mellom Sveio og grannekommunane med omsyn til medianinntekt for par med born 0-17 år, 2021. Kommunane Bømlo og Tysvær har den høgaste medianinntekta for denne gruppa.

Tabell 40:

- Det var berre regionsenteret Haugesund som hadde høgare del personar i hushald med låginntekt (EU-skala 60 %) enn Sveio i nærområdet i 2021. Det er viktig å ha dette under observasjon.

Tabell 41:

- Prosentdelen born i familiar med vedvarande låginntekt (2021) var høgare i Sveio enn i grannekommunane. Prosentdelen blei redusert frå 2017 til 2018 etter at kommunen sette inn særskilte tiltak, men har auka igjen etter dette. Vedvarande låginntekt vil ofte hengja saman med at familien berre har ei inntekt. Det er svært viktig å ha dette under observasjon, då vedvarande låginntekt kan føra med seg sosial isolasjon og varig utanforskap for borna i familien. Vi ser til dømes ein aukande nasjonal trend der born ikkje kan ta del i fritidsaktivitetar sidan familien ikkje har økonomiske midlar til dette.

Tabell 42:

- Sveio kommune har høgare utgifter til barnevern per ibuar enn både fylket og Kostragruppe 1.
- Sveio kommune har om lag det same utgiftsnivået som kostragruppa per ibuar 0-17 år.
- Netto driftsutgifter til sakshandsaming/drift er lågare i Sveio enn i fylket og kostragruppa. Dette tyder på at barnevernet i Sveio blir drive effektivt.


Tabell 43:

- Det er verd å merkja seg at kostratala for 2022 syner at det er 90 born under 18 år som lever i familiar som tek imot sosialhjelp. Vi må sjå dette i samanheng med tabell 41. Denne problemstillinga må og adresserast gjennom kommunen sitt arbeid med oppvekstreforma.

Statistikk

Tabell 37: Medianinntekt etter skatt, 2021, Sveio og dei næraste nabokommunane. Alle hushald. Kjelde: ssb.no


06944: Inntekt for husholdninger, etter region. Inntekt etter skatt, median (kr), Alle husholdninger, 2021.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 38. Medianinntekt etter skatt, par uten born, 2021, Sveio og dei næraste nabokommunane. Kjelde: ssb.no


06944: Inntekt for husholdninger, etter region. Inntekt etter skatt, median (kr), Par uten barn, 2021.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 39. Medianinntekt etter skatt, par med born 0-17 år, 2021, Sveio og dei næraste nabokommunane. Kjelde: ssb.no


06944: Inntekt for husholdninger, etter region. Inntekt etter skatt, median (kr), Par med barn 0-17 år, 2021.



Kilde: Statistisk sentralbyrå


Tabell 40: Prosent personar i låginntektshushald (EU 60%), Sveio og dei næraste nabokommunane.

06947: Personer i privathusholdninger med årlig inntekt etter skatt per forbruksenhet, under ulike avstander til medianinntekten, etter region. EU-skala 60 prosent, 2021.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 41. Prosent born i familiar med vedvarande låginntekt (EU 60 %), Sveio og dei næraste nabokommunane. Kjelde: bufdir.no



Tabell 42: Barnevern, Kostra-tal 2020-2022, Sveio kommune. Kjelde: ssb.no

Nøkkeltal utgifter barnevern, etter statistikkvariabel, region og år				
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar (kr)	Sveio	2406	2638	2879
	Vestland	2261	2324	2822
	KOSTRA-gruppe 1	2102	2173	2573
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år (kr)	Sveio	7850
	Vestland	8187
	KOSTRA-gruppe 1	7871
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-17 år (kr)	Sveio	9866	10927	12213
	Vestland	10677	11081	13584
	KOSTRA-gruppe 1	10054	10474	12478
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn i barnevernet (kr)	Sveio	118220	197818	185393
	Vestland	152295	164475	216709
	KOSTRA-gruppe 1	119860	131742	170337
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak (kr)	Sveio	214615	267228	294643
	Vestland	234640	250809	335469
	KOSTRA-gruppe 1	188708	199305	259359
Netto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)	Sveio	358826	421714	507421
	Vestland	404581	395373	501269
	KOSTRA-gruppe 1	375076	372739	437422
Delen netto driftsutgifter til sakshandsaming/drift (funksjon 244) (prosent)	Sveio	34,7	31,4	31,8
	Vestland	30,8	33,6	34,6
	KOSTRA-gruppe 1	32,5	34,6	40,1
Delen netto driftsutgifter til barn som ikkje er plasserte av barnevernet (funksjon 251) (prosent)	Sveio	6,2	10,4	9,8
	Vestland	12,4	13,4	12,0
	KOSTRA-gruppe 1	12,3	12,7	11,6
Delen netto driftsutgifter til barn som er plasserte av barnevernet (funksjon 252) (prosent)	Sveio	59,2	58,1	58,4
	Vestland	56,8	53,0	53,4
	KOSTRA-gruppe 1	55,2	52,7	48,3
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr)	Sveio	50271	77260	60180
	Vestland	57015	67240	78355
	KOSTRA-gruppe 1	58854	66710	80069
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251 og 252) per barn med tiltak (kr)	Sveio	152523	204105	209911
	Vestland	177538	182322	228135
	KOSTRA-gruppe 1	153201	156569	172437
	Sveio	20024	47167	46297

Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251) (kr)	Vestland	45494	54246	64591
	KOSTRA-gruppe 1	37711	41758	47803
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)	Sveio	394478	473143	528526
	Vestland	446249	434949	522144
	KOSTRA-gruppe 1	453387	449472	482709
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-24 år (kr)	Sveio	..	8141	9046
	Vestland	..	7710	9447
	KOSTRA-gruppe 1	..	7632	9085

Tabell 43: Økonomisk sosialhjelp, Kostratal 2022, Sveio kommune. Kjelde: ssb.no

Sosialhjelpstilfelle (tal)	115
Sosialhjelpstilfelle som forsørgjer born under 18 år (tal)	39
Tal born under 18 i familiar som mottok sosialhjelp (tal)	90
Sosialhjelpstilfelle med sosialhjelp i 6 månader eller meir (tal)	31
Langtidstilfelle med sosialhjelp som hovudinntekt (6-12 månader) (tal)	16
Samla stønadssum (bidrag + lån) (1000 kr)	4400
Livsopphaldsyting etter kommunalt reglement (1000 kr)	..
Netto driftsutgifter til yting til livsopphald(281) (1000 kr)	4293

Kvalitativ utdjuing

Sveio kommune har fokus på arbeidet med å redusera talet på born som bur i låginntektsfamiliar. Det er svært viktig at dette og blir eit sentralt element i oppvekstreforma i Sveio kommune. Born sine oppvekstkår må betrast i nært samarbeid med familien, og det er familien som er den mest sentrale arenaen for alt førebyggjande arbeid i denne gruppa.

C - Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

KORLEIS ER DET FYSISKE MILJØET OG I KVA GRAD ER DET GJORT TRYGT OG TILGJENGELEG FOR BEFOLKNINGA?

Det fysiske miljøet er viktig for folkehelsearbeidet. Ulike former for forureining, til dømes luftforureining, vassforureining og støy, kan svekka kvaliteten på bumiljøa og på det viset vera ei utfordring for folkehelsa.

Kommunen har verkemiddel som kan nyttast for å få til ei positiv utvikling av det fysiske miljøet, mellom anna gjennom utøving av mynde etter ymse lovverk og som leverandør av tenester som vassforsyning, kloakksystem og avfallshandtering. I tillegg er kommunen vegeigar for det kommunale vegnettet.

Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 44-48 er desse:

Tabell 44:

- Sveio kommune har ein svært låg del av det kommunale vegnettet tilrettelagt for syklende samanlikna med samanlikningsgruppene. Dette er truleg med på å gjera sykling til eit mindre attraktivt alternativ for transport enn det elles kunne vore. Kommunen har og ein lågare del av det kommunale vegnettet med lys enn fylket, noko som truleg er med på å forsterka den negative situasjonen på dette feltet.

Tabell 45:

- Samla lengde av turvegar, turstiar osv. har auka frå 2021 til 2022. Dette er ei positiv utvikling, for fysisk aktivitet i nærmiljøet er ein svært viktig innsatsfaktor i folkehelsearbeidet.
- Med ein stadig eldre folkesetnad vil det over tid bli trong for fleire turvegar med universell utforming i nærmiljøa i kommunen.

Tabell 46:

- Sveio kommune hadde lite utskifting av kommunalt leidningsnett i 2022, samanlikna med fylket og landet utan Oslo. I ein kommune som Sveio vil takten på utskifting variera frå år til år.

Tabell 47:

- Sveio kommune har god og sikker vassforsyning og leverer drikkevatt av høg kvalitet.

Tabell 48:

- Delen av dei kommunale vassleveransane som går til lekkasje, er lågare i Sveio enn i samanlikningsgruppene. Likevel er det framleis slik at om lag ein fjerdedel av vatnet lekkjer ut av leidningsnettet på veg til forbrukarane. Når fullreinsa vatn ikkje kjem fram til forbrukaren, men i staden renn ut i grunnen, fører dette til at kostnaden ved vassproduksjonen blir høgare enn det som er naudsynt.

Statistikk**Tabell 44: Samferdsel, Sveio kommune. Kjelde: ssb.no**


Nøkkeltal	Sveio	Kostra- gruppe 1	Vestland
	2022	2022	2022
Del km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for av alle kommunale vegar (prosent)	4,2	12,1	10,3
Del kommunale vegar og gater med lys av alle kommunale vegar og gater (prosent)	52,6	51,3	60,5
Del kommunale vegar og gater utan fast dekke av alle kommunale vegar og gater (prosent)	21,1	34,5	16,3

Tabell 45: Friluftsområde med meir, Sveio kommune. Kjelde: ssb.no

År	20	21	22
Måltal			
Samla lengde av turvegar, turstiar og løyper tilrettelagde for sommarbruk (km)	45	45	65

Tabell 46. Vassforsyning. Del fornya leidningsnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent), 2022.
Kjelde: ssb.no


11791: Utvalgte nøkkeltall for kommunalt drikkevann, etter region. Andel fornyet kommunalt ledningsnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent), 2022.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 47. Vassforsyning. E.coli: Del ibuarar knytt til kommunalt vassverk med tilfredsstillende prøveresultat (prosent) 2022.


11791: Utvalgte nøkkeltall for kommunalt drikkevann, etter region. E.coli: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater (prosent), 2022.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 48. Vassforsyning. Del av total kommunal vassleveranse til lekkasje (prosent), 2022.

11791: Utvalgte nøkkeltall for kommunalt drikkevann, etter region. Andel av total kommunal vannleveranse til lekkasje (prosent), 2022.



Kvalitativ utdyping

Sveio kommune har høge utgifter til skuleskyss for elevar som bur nærare skulen enn fire kilometer. Bakgrunnen for dette er mykje farleg skuleveg utan lys og separat gang- og sykkelveg eller fortau. Dette gjev kommunen ei dobbel utfordring. Utgiftene til skyss er høge, samstundes som born og unge går glipp av god fysisk aktivitet som dei kunne fått ved å gå eller sykla til skulen. Dette er eit tema som det må arbeidast vidare med i tida som kjem. Det må og stillast spørsmål ved om det kan vera ein samanheng mellom dette temaet og tabell 115, overvekt på sesjon.

KVA SIDER VED DET KJEMISKE OG BIOLOGISKE MILJØET BØR VI VERA SÆRSKILT MERKSAME PÅ?

Førebygging av infeksjonar og smittsame sjukdomar er viktig folkehelsearbeid. Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 49-50 er desse:

Tabell 49:

- Del fornya kommunalt spillvassnett blei noko redusert i Sveio kommune under pandemien.


Tabell 50:

- Sveio kommune ligg svært godt an med omsyn til delen av ibuarar som er knytte til anlegg der reinsekrava er oppfylte, samanlikna med fylket og landet utan Oslo.

Statistikk:

Tabell 49: Kommunalt avløp Sveio, fylket og landet uten Oslo. Del fornya kommunalt spillvassnett, gjennomsnitt tre siste år (prosent). Kjelde: ssb.no


11789: Utvalgte nøkkeltall for kommunalt avløp, etter region og år. Andel fornyet kommunalt spillvassnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 50: Kommunalt avløp Sveio, fylket og landet uten Oslo. Del ibuarar knytt til anlegg der reinsekrava er oppfylte (prosent).

11789: Utvalgte nøkkeltall for kommunalt avløp, etter region og år. Andel innbyggere tilknyttet anlegg der reinsekrav er oppfylt (prosent).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Kvalitativ utdjuping

Fleire av indikatorane på dette feltet syner meir positiv utvikling i Sveio kommune enn i landet elles.

KVA SIDER VED DET SOSIALE MILJØET VI BØR VERA SÆRSKILT MERKSAME PÅ?

Kvaliteten på dei mellommenneskelege relasjonane i nærmiljøet har stor innverknad på folkehelsa. Valdeltaking kan seia noko om samfunnsengasjement. Kriminalitetsstatistikken kan fortelja oss noko om tryggleiksnivået. Det same gjeld mobbestatistikken i grunnskulen. Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 51-56 er desse:

Tabell 51:

- Valdeltakinga ved kommuneval i Sveio ligg noko høgare enn i samanlikningsgruppene, men om ein ser bort frå valet i 2011 som blei eit mobiliseringsval etter terroråtaka 22. juli, er trenden at valdeltakinga er fallande. Det kan vera interessant å sjå på om særleg låg valdeltaking blant dei som berre har røysterett ved lokalval (innvandrarak utan statsborgarskap) er med på å påverka tala, i og med at innvandradelen i befolkninga har vore aukande frå 1991 og fram til no.

Tabell 52:

- Valdeltakinga ved stortingsval i Sveio kommune er høgare enn ved lokalval. Deltakinga gjekk litt ned frå 2017 til 2021.

Tabell 53:

- Ungdata 2022 stadfestar at det er relativt lite mobbing på ungdomstrinnet. 88 % svarer at dei nesten aldri eller aldri har blitt utsette for mobbing. Dette er svært positivt, i og med at vi gjennom den årlege elevundersøkinga har fått tal som syner at det er mykje meir mobbing på mellomtrinnet i grunnskulen. Reduksjonen i mobbing frå mellomtrinnet til ungdomstrinnet er i samsvar med nasjonale trendar.

Tabell 54:

- Mobbing på nett ser enno ikkje ut til å vera eit utbreidd fenomen blant ungdomsskuleelevane i Sveio. 90 % svarer at dei nesten aldri eller aldri har opplevd dette.

Tabell 55:

- Det er gjennomgåande færre elevar som svarer at dei mobbar andre enn som svarer at dei blir mobba. Denne tendensen er i samsvar med tendensen i resten av landet.


Tabell 56:

- Talet på melde lovbrøt er lågt i Sveio kommune. Det er lovbrøt knytt til trafikk som er dei mest utbreidde.
- Gruppa «*anna lovbrøt, inkludert vinning, eigedomsskade og seksuallovbrøt*» auka gjennom pandemien. Det er grunn til å ha dette til observasjon.

Statistikk


Tabell 51: Valdeltaking, kommuneval, Sveio. Kjelde: ssb.no

09475: Kommunestyrevalget. Stemmer og valgdeltakelse, etter fireårlig. Sveio (-2019), Valgdeltakelse i prosent.



Tabell 52: Valdeltaking, stortingsval, Sveio. Kjelde: ssb.no


08243: Stortingsvalet. Valdeltaking i prosent, etter region og fireårlig. Valdeltaking.



Tabell 53: Mobbing. Spørsmål: «Blir du sjølv utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?» Kjelde: Ungdata, 2022.

Mobbing ungdata OSLOMET
STORFURUNNBRUKET
VELFÆRDESPROGRAM OG UNGUTSTUTTET NORA

Blir du selv utsatt for plaging, trusler eller utfrysing av andre unge på skolen eller i fritida?
Antall svar 187




Sveio 2022

Tabell 54. Mobbing på nett. Spørsmål: «Blir du trua eller utestengt på nett?». Kjelde: Ungdata 2022.

Mobbing ungdata OSLOMET
STORFURUNNBRUKET
VELFÆRDESPROGRAM OG UNGUTSTUTTET NORA

Blir du mobbet, truet eller utestengt på nett?
Antall svar 188




Sveio 2022

Tabell 55: Mobbing. Spørsmål: «Hender det at du er med på plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skolen eller i fritida?» Kjelde: Ungdata, 2022.

Mobbing ungdata COLLECT
STORUMMERSTREET
VILFERDIFORSKNINGSGRUPPETET NINA


Hender det at du er med på plaging, trusler eller utfrysing av andre unge på skolen eller i fritida?
Antall svar 187



Sveio 2022

Tabell 56: Lovbrot. Melde lovbrudd, utvalde brotsgrupper, Sveio. Kjelde: ssb.no

08487: Anmeldte lovbrudd. Årlig gjennomsnitt, etter lovbruddstype og intervall (år). Sveio, Lovbrudd anmeldt (årlig gjennomsnitt).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Kvalitativ utdjuping

Sveio kommune deler både SLT-koordinator og politikontakt med Tysvær kommune, og desse ressurspersonane er viktige støttespelarar for skuleverket i det førebyggjande arbeidet mot rus og kriminalitet. Ved hjelp av prosjektmidlar frå Bufdir har det og vore mogeleg å tilsetja ein ungdomslos i kommunen frå 2022.

ER DEI SOSIALE MØTEPLASSANE OG ARENAENE GODE NOK OG MANGE NOK?

Ein kommune som Sveio er ikkje berre eitt, men mange lokalsamfunn. Det er framleis eit mindretal av ibuarane som bur i og rundt Sveio sentrum, og det er viktig at det finst gode møteplassar og sosiale arenaer i heile kommunen. Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 57-62 er desse:

Tabell 57:

- Det var 19 lag og organisasjonar som fekk kommunalt tilskot frå Sveio kommune i 2022. Av desse var sju knytte til idrett og tolv til andre kulturaktivitetar. Idrettslaga fekk den største delen av midlane.

Tabell 58:

- Det er liten skilnad mellom Sveio og kostragruppa med omsyn til bruk av økonomiske ressursar til kulturføremål. Det er særleg på eitt område kommunen har lågare tal enn samanlikningsgruppene, prosent born i kommunen sin kulturskule. Det er elles grunn til å tru at Sveio sine ibuarar også nyttar seg av kulturtilboda i dei større grannekommunane Haugesund, Stord og Tysvær.

Tabell 59:

- Tabellen, som og blei publisert i oversiktsdokumentet i 2019, syner at om lag ein tredel av organisasjonane har aktivitet kvar veke. Det kan tenkjast at dette er endra etter pandemien.

Tabell 60:

- Tabellen, som og blei publisert i oversiktsdokumentet i 2019, syner at nær to tredelar av organisasjonane opplever at det er vanskeleg å rekruttera nye medlemar. Det kan tenkjast at dette er endra etter pandemien.

Tabell 61

- Vel halvdelen av organisasjonane i Sveio kommune nyttar kommunen sine tilskotsordningar jamleg. Som det går fram av kommunen sin frivilligplan, er det viktig å evaluera kommunen sine tilskotsordningar med jamne mellomrom for å sjå om dei er i samsvar med det frivillig sektor har trong for.

Tabell 62:

- Om lag halvdelen av organisasjonane i Sveio kommune nyttar private lokale/anlegg til aktivitetane sine. Kommunale anlegg er og tilgjengelege for dei som ønskjer det. Det er grendahusfunksjon i tilknytning til Valestrand oppvekstsenter, Vikse skule og tidlegare Lid skule. Sveio skule med Vigdartun har og gode lokale for mange aktivitetar.

Statistikk

Tabell 57: Kommunalt tilskot til frivillig arbeid 2022, Sveio kommune. Kjelde: ssb.no

		Frivillige lag og foreninger som mottar kommunalt tilskudd (antall)	Driftstilskudd til frivillige lag og foreninger (1000 kr)	Kommunale driftstilskudd til frivillige lag og foreninger per lag som mottar tilskudd (kr)	Gratis hall- eller husleie for frivillige barne- og ungdomsforeninger (ja=1, nei=0)	Redusert hall- eller husleie for frivillige barne- og ungdomsforeninger (ja=1, nei=0)
		2022	2022	2022	2022	2022
Sveio	Frivillige lag og foreningar, andre kulturaktiviteter	12	95	7916,7	1	0
	Frivillige lag og foreningar, idrett	7	173	24714,3	1	0

Tabell 58: Kulturtilbod, Sveio kommune, Kostragruppe 1, landet utan Oslo og fylket. Kostratal 2022. Kjelde: ssb.no.


	Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter (prosent)	Netto driftsutgifter til idrett (f380+f381) i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter (prosent)	Netto driftsutgifter til barn og unge (f231+f383) i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter (prosent)	Netto driftsutgifter til kultursektoren per ibuar (kr)	Netto driftsutgifter til allmenn kultur (f370+f373+f375+f377+f385+f386) per ibuar (kr)
	2022	2022	2022	2022	2022
Sveio	3,0	0,9	0,8	2258	1005
Landet utan Oslo	4,1	1,4	0,8	2878	1294
Vestland	4,0	1,4	0,7	2911	1348
KOSTRA-gruppe 1	3,0	0,9	0,7	2137	1005

	Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per ibuar (kr)	Netto driftsutgifter til folkebibliotek per ibuar (kr)	Besøk i folkebibliotek per ibuar (tal)	Utlån per ibuar (tal)	Barn 6-15 år i kommunen sin kulturskule (prosent)	Besøk per kinoførestelling (tal)
	2022	2022	2022	2022	2022	2022
Sveio	1165	352	2,4	2,2	9,0	36,5
Landet utan Oslo	1090	324	3,8	2,3	13,2	21,0
Vestland	1117	332	3,5	2,4	12,6	22,2
KOSTRA-gruppe 1	285	309	2,7	2,4	16,4	20,0


Kommunale data

I samband med at Sveio kommune utarbeidde ny frivilligplan i 2018-2019 (vedteken i Sveio kommunestyre våren 2019), blei det gjennomført ei grundig kartlegging av frivillige lag og organisasjonar i kommunen i samarbeid med Sveio Frivilligsentral. Det var på dette tidspunktet registrert 96 lag og organisasjonar i kommunen. Vi vel å ta med nokre av funna frå den lokale undersøkinga, slik det og blei gjort i 2019.


Tabell 59: Kor aktive er dei frivillige organisasjonane i Sveio? Kjelde: Sveio Frivilligsentral.




Tabell 60: Kor lett er det å rekruttera nye medlemar? Kjelde: Sveio Frivilligsentral.



Tabell 61: I kva grad nyttar dei frivillige organisasjonane kommunen sine tilskotsordningar? Kjelde: Sveio Frivilligsentral.



Tabell 62: Kva lokale nyttar organisasjonane til aktiviteten sin? Kjelde: Sveio Frivilligsentral.



Kvalitativ utdjujing

Sveio kommune har god dialog med frivillig sektor. Sveio kommune finansierer og drifta av Sveio Frivilligsentral som blir driven av Kirkens Bymisjon i Haugesund. Frivilligsentralen gjer eit viktig arbeid andsynes dei som ikkje er aktive i andre organisasjonar, og dei legg til rettes for gode aktivitetar for born og unge frå låginntektsfamiliar. Sjå elles <https://frivillig.no/sveio-frivilligsentral>

D - Skadar og ulukker

KVA FOR TYPE SKADAR OG ULUKKER BLIR IBUARANE VÅRE UTSETTE FOR? KVAR OG KORLEIS SKJER ULUKKENE? KVEN BLIR RÅKA?

Skadar og ulukker reduserer livskvaliteten både for dei som sjølv blir råka, og for deira nærskylde. Det same gjeld mishandling og vald. Sjølv om slike handlingar ikkje alltid gjev offera varige fysiske skader, vil den psykiske påkjenninga kunna føra til psykiske plagar eller sjukdom som reduserer livskvaliteten. I eit folkehelseperspektiv er det difor svært viktig å førebyggja på dette feltet og ha utviklinga under observasjon. Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 62-64 er desse:

Tabell 62:

- Talet på *melde lovbrudd vald og mishandling per 1000 ibuarar* auka fram mot 2018 for så å bli redusert under pandemien. Tala vil naturleg variera meir i ein etter måten liten kommune enn i fylket og landet. Vi må vera opne for at det kan vera mørketal på dette området, då mange vegrar seg for å melda slike lovbrudd.

Tabell 64:

- Dei fleste brannane i Sveio skjer i bygg som ikkje blir nytta som bustad. Året 2021 merkar seg ut som eit år med særleg mange bygningsbrannar.


Tabell 65:

- SSB har ikkje publisert nye tal for tannhelse på kommunenivå siste år, så tala i tabellen er på fylkesnivå i Vestland. Talet på personar utan karies søkk kraftig gjennom barne- og ungdomsalderen. Dette kan henga saman med dårleg tannhygiene, for høgt inntak av sukkerhaldig mat og snop og kolsyrehaldig leskedrikk (brus og energidrikk). Tidlegare tal har synt at tannhelsa blant 18-åringar er endå dårlegare i Sveio enn i Vestland.

Statistikk

Tabell 62: Melde lovbrudd vald og mishandling per 1000 ib., Sveio, 2012-2022. Kjelde: ssb.no


08487: Anmeldte lovbrudd. Årlig gjennomsnitt, etter gjerningssted og intervall (år). → Vold og mishandling, Lovbrudd anmeldt per 1 000 innbyggere (årlig gjennomsnitt).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 63: Tal bygnings- og bustadbrannar per 1000 ib., Sveio kommune. Kjelde: ssb.no


12058: Brann- og ulykkesvern - grunnlagstall og nøkkeltall, etter statistikkvariabel, region og år.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 64: Tannhelse, Vestland fylke, 2022. Kjelde: ssb.no

13033: Tannhelsetilstand og kariesforekomst blant utvalgte aldersgrupper, etter alder og statistikkvariabel. Vestland fylkeskommune, 2022.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Kvalitativ utdjuving

Den fylkeskommunale tannhelsetenesta har lokale på kommunehuset i Sveio. Det er difor eit godt grunnlag for endå betre samarbeid for å betra tannhelsa til born og unge i kommunen, jamfør tabell 64. Det er viktig med systematisk arbeid for å førebyggja tannrote blant born og unge.

E - Helsereelatert åtferd

KORLEIS LEVER FOLK LIVA SINE?

Folkehelsestilstanden er ikkje berre påverka av kva kommunen og andre offentlege styresmakter gjer. Folk gjer og ei rad personlege val som kan fremja eller hemma utviklinga av god helse. Det er viktig at kommunen har eit godt informasjonsarbeid om kva den einskilde kan gjera for å ta vare på helsa. Viktige utviklingstrekk som kjem fram av tabell 65-88 er desse:

Tabell 65:

- Sveio kommune si helseteneste følgjer godt opp programmet for vaksinasjon av born.

Tabell 66:

- Delen av personar over 65 år som tek vaksine mot sesonginfluensa har auka kraftig gjennom pandemien, og Sveio låg i 2021/2022 over både fylket og landet.

Tabell 67:

- I perioden 2016-2019 tok 63,7 % av kvinner som var fødde i perioden 1991-1996 HPV-vaksine. Denne vaksinen er svært viktig for førebygging av livmorhalskreft.

Tabell 68:

- Røyking blant kvinner er redusert både i landet og fylket mellom 2012 og 2022. Vi har ikkje kommunale tal, men det er lite truleg at det er stor skilnad mellom Vestland fylke og Sveio kommune.

Tabell 69:

- Ungdomsskuleelevar i Sveio er stort sett fysisk aktive, men vi finn og ei lita gruppe som er svært inaktive. Det er viktig å halda dette under observasjon, då vi no har tal som syner at svært mange nyttar mykje tid til skjermbruk, noko som kan gå utover tida som blir nytta til fysisk aktivitet.

Tabell 70:

- I underkant av halvdelen av ungdomsskuleelevane i Sveio kommune er aktive i eit idrettslag. Vi ser likevel at til saman 43 % har slutta i løpet av barne- eller ungdomsskulen. Det bør vera ei utfordring for idrettsrørsla å analysere kvifor fråfallet er så stort.

Tabell 71:

- Når ungdomsskuleelevane som har slutta i eit idrettslag, blir spurde om kvifor dei slutta, er det vanlegaste svaret at dei ville nytta tida til andre ting. Det er og ei gruppe som ville nytta meir tid på skularbeid. Ei gruppe slutta fordi dei ikkje lenger treivst i lag med dei som dei trenar i lag med, og ei gruppe slutta fordi krava til å vera flink eller god blei for strenge.

Tabell 72:

- Ungdomsskuleelevane som driv med idrett, gjer det fordi det er kjekt og sosialt og fordi det gjev dei meistring. Det å lika å konkurrere er og viktig, og idrett er med på å halda dei sunne og friske.

Tabell 73:

- Det har blitt vanlegare for ungdom å trenar på eiga hand utan fast organisering. Vi kan ikkje sjå bort ifrå at denne trenden heng saman med pandemien då andre tilbod var utilgjengelege i lange periodar.

Tabell 74:

- Tabellen stadfestar det vi ser i tabell 73. «Eigentrening» ser ut til å ha blitt vanlegare blant ungdomsskuleelevane.

Tabell 75:

- Vi har ikkje kommunale tal for røyking, men nasjonale tal stadfestar den utviklinga vi har sett over tid. Det er stadig færre dagleg-røykarar, og utviklinga held fram. Det er framleis stor skilnad mellom utdanningsgruppene, der dei med lågast utdanning røykjer mest og dei med høgast utdanning røykjer minst. Blant kvinner med vidaregåande utdanning som høgaste utdanning ser det ut til å ha vore ein liten auke frå 2019 til 2021.

Tabell 76 og 77:

- Delen av folkesetnaden som røykjer, aukar med aukande alder. Trenden er motsett for snus. Det høgaste talet for snusbruk finn vi blant menn 25-49 år, der 27 % er snusarar. Det høgaste talet for røyking finn vi blant kvinner 66-74 år. 14 % røykjer i denne gruppa.

Tabell 78:

- Talet på nye tilfelle av lungekreft syner ein reduksjon blant menn dei siste åra, medan talet held fram med å stiga blant kvinner. Dette kan truleg forklarast med at den mannlege delen av folkesetnaden både byrja og slutta å røykja tidlegare enn den kvinnelege delen.

Tabell 79:

- Det er svært få ungdomsskuleelevar i Sveio som røykjer. Dette er svært positivt for folkehelsa.

Tabell 80:

- Det er svært få ungdomsskuleelevar i Sveio som snusar. Dette er svært positivt for folkehelsa.

Tabell 81:

- Det er få salsløyve for alkohol i Sveio. Vinmonopolet AS har vedteke å etablere utsal i Sveio kommune, men utsalet er enno ikkje opna på tidspunktet for ferdigstilling av dette dokumentet.

Tabell 82:

- Det er få stader med skjenkeløyve i Sveio kommune.

Tabell 83:

- Det er få unge i ungdomsskulealder som drikk alkohol. 70 % svarer at dei aldri har smakt. Berre 4 % har oppgjeve at dei nyttar alkohol jamt 1-3 gongar per månad.

Tabell 84:

- Foreldre i Sveio har eit restriktivt syn på alkohol. Berre 3 % av ungdomsskuleelevane har oppgjeve at dei får lov av foreldra til å drikka alkohol.

Tabell 85:

- Det er svært få personar i ungdomsskulealder i Sveio kommune som har fått tilbod om å kjøpa cannabis. 5 % har opplevd det fleire gongar, medan 9 % har opplevd det ein gong. Dette er likevel eit prov på at cannabis er tilgjengeleg i ungdomsmiljøet i Sveio. Vi må ha dette under observasjon.

Tabell 86:

- Det er svært få elever i Sveio kommune som nyttar rusmidlar. Illegale rusmidlar ser ut til å vera eit svært marginalt fenomen blant ungdomsskuleelevane.

Tabell 87:

- Det er grunn til å uroa seg over ete-vanane til ungdomsskuleelevane i Sveio. Berre vel halvdelen av dei (53 %) har oppgjeve at dei vanlegvis et frukost før første time, og berre 16 % fortel at dei et frukt eller grønt på skulen fem dagar i veka.

Statistikk**Tabell 65: Vaksinasjonsdekning, Sveio kommune, barnevaksinasjonsprogrammet. Kjelde: khs.fhi.no**

År		2011-2015	2012-2016	2013-2017	2014-2018	2015-2019	2016-2020	2017-2021	2018-2022
Geografi	Alder								
Hele landet	2 år	94,1	94,5	95,1	95,7	96,2	96,4	96,6	96,4
	9 år	94,8	95,1	95,5	96,0	96,5	96,9	97,3	97,3
	16 år	93,5	92,9	92,5	92,4	92,5	93,2	94,1	94,5
Vestland	2 år	94,9	95,3	95,9	96,2	96,5	96,6	96,7	96,5
	9 år	95,5	96,0	96,5	96,9	97,4	97,7	98,0	98,0
	16 år	94,8	94,3	93,9	93,7	93,6	94,2	94,9	95,3
Sveio	2 år	97,0	97,4	97,4	97,2	97,3	97,8	97,8	97,9
	9 år	:	:	:	:	:	:	:	:
	16 år	98,1	97,8	95,6	95,4	94,5	94,4	94,3	95,

Tabell 66: Vaksinasjonsdekning, Sveio kommune, influensavaksinerte over 65 år. Kjelde: khs.fhi.no

År	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020	2020/2021	2021/2022
Geografi							
Hele landet	23,8	26,9	31,6	38,2	43,4	59,7	62,7
Vestland	26,5	30,2	32,8	39,6	45,5	62,3	66,6
Sveio	23,4	23,7	23,3	36,2	40,6	58,4	67,9

Tabell 67: Vaksinasjonsdekning, Sveio kommune, HPV-vaksine til kvinner fødte 1991-1996. Kjelde: khs.fhi.no

Programperiode	2016-2019
Geografi	
Hele landet	59,3
Vestland	65,7
Sveio	63,7


Tabell 68: Røyking, kvinner, landet og fylket. Kjelde: khs.fhi.no

År	2012-2016	2013-2017	2014-2018	2015-2019	2016-2020	2017-2021	2018-2022
Geografi	↕	↕	↕	↕	↕	↕	↕
Hele landet ↕	7,1	5,9	4,9	4,0	3,4	2,9	2,4
Vestland ↕	5,1	4,4	3,7	3,1	2,7	2,2	1,9

Tabell 69: Deltaking i fysisk aktivitet, ungdom, Sveio kommune. Kjelde: Ungdata 2022

Fysisk aktivitet ungdata OSLO MET
STORBYUNIVERSITETET
VILTIDIOFORSKNINGSENITRUTTET NOVA

Hvor ofte er du så fysisk aktiv at du blir andpusten eller svett?
Antall svar 188




Sveio 2022

Tabell 70. Deltaking i idrettslag, ungdom, Sveio kommune. Kjelde: Ungdata 2022.


Trening ungdata OSLO MET
STORBYUNIVERSITETET
VILTIDIOFORSKNINGSENITRUTTET NOVA

Har du noen gang vært med i et idrettslag eller i en idrettsklubb?
Antall svar 187




Sveio 2022

Tabell 71. Deltaking i idrettslag, ungdom, Sveio kommune. Spørsmål: «Kvifor slutta du?» Kjelde: Ungdata 2022.



Sveio 2022

Tabell 72. Spørsmål: «Kvifor driv du med idrett?», Sveio kommune. Kjelde: Ungdata 2022.




Sveio 2022

Tabell 73. Spørsmål: «Kor ofte er du med på ulike fysiske aktiviteter?», ungdom, Sveio kommune. Kjelde: Ungdata 2022.

Trening ungdata OSLOMET
STORFORSKINGSTILTAK
KULTUR- OG FRIKAMPAGNEINSTITUTTET NORA

Hvor ofte trener du eller driver du med følgende aktiviteter?




Sveio 2022

Tabell 74. Aktivitet utanom idrettslag, ungdom, Sveio kommune. Kjelde: Ungdata 2022.


Aktivitet utanom idrettslag ungdata OSLOMET
STORFORSKINGSTILTAK
KULTUR- OG FRIKAMPAGNEINSTITUTTET NORA

Hvis du ser bort fra det du eventuelt driver med gjennom en idrettsklubb, hvor ofte er du med på følgende aktiviteter?




Sveio 2022


Tabell 75: Dagleg-røykarar, nasjonale tal. Kjelde: fhi.no




Tabell 76. Røyking og snusbruk blant menn, nasjonale tal. Kjelde: fhi.no




Tabell 77. Røyking og snusbruk blant kvinner, nasjonale tal. Kjelde: fhi.no




Tabell 78. Utvikling i lungekreft, menn og kvinner, nasjonale tal. Kjelde: fhi.no



Tabell 79: Røyking blant ungdomsskuleelevar, Sveio kommune. Kjelde: Ungdata 2022



Tabell 80: Snusbruk blant ungdomsskuleelevar, Sveio kommune. Kjelde: Ungdata 2022



Tabell 81: Stader med salsløyve for alkohol i Sveio kommune, 2016 og juli 2023. Kjelde: Sveio kommune

Salsløyve 2016	4
Salsløyve 2023	7


Tabell 82: Stader med skjenkeløyve i Sveio kommune, 2016 og juli 2023. Kjelde: Sveio kommune

Skjenkeløyve 2016	4
Skjenkeløyve 2023	5

Tabell 83: Rusmiddelbruk blant ungdom, Sveio kommune. Spørsmål: «Hender det at du drikk nokon form for alkohol?» Kjelde: Ungdata 2022.


Alkohol ungdata OSLOMET
STORFUVARAKTSET
VELFERDSPORSNINGSINSTITUTTET NOVA

Hender det at du drikker noen form for alkohol?
Antall svar 187




Sveio 2022


Tabell 84: Rusmiddelbruk blant ungdom, Sveio kommune. Spørsmål: «Får du lov til å drikke alkohol av foreldra dine?» Kjelde: Ungdata 2022.




Tabell 85: Bruk av cannabis blant ungdom, Sveio kommune: «Kor ofte har du i løpet av det siste året blitt tilbode hasj eller marihuana?» Kjelde: Ungdata 2022.



Tabell 86. Bruk av rusmidlar, ungdom, Sveio kommune. Kjelde: Ungdata 2022



Tabell 87: Kosthald blant ungdom i Sveio kommune. Spørsmål: «Kor ofte et du noko av dette?» Prosentdel som har svara «kvar dag» eller «fleire gonger dagleg». Kjelde: Ungdata 2022.



Kvalitativ utdjuping

Det er generelt lite rusbruk blant personar i ungdomsskulealder i Sveio. Vi har ikkje per no tilgjengelege oppdaterte tal for dei eldste tenåringane. Ungdata 2022 syner at ete-vanane til ungdomane ikkje er gode nok. Det er svært viktig å ha fokus på dette. Usunt kosthald i ungdomstida kan føra til dårlegare læringsutbytte i skulen og utvikling av livsstilssjukdomar seinare i livet.

KVA GJER KOMMUNEN FOR Å LEGGJA TIL RETTES FOR SUNNE LEVEVANAR?

Kommunale data

Tabell 88-89 er ikkje tabellar i tradisjonell forstand, men er tekne med for å syna ein del av det gode folkehelsearbeidet som blir gjort i skulehelsetenesta. Dette er viktig førebyggjande arbeid. Tabell 90 gjev eit bilete av ei særskild utfordring i folkehelsearbeidet i kommunen.

Tabell 88:

- Presentasjonen på Sveio kommune si heimeside syner kor omfattande tilbod skulehelsetenesta gjev i kommunen.

Tabell 89:

- Det interkommunale tilbodet Helsestasjon for ungdom er eit viktig lågterskeltilbod, særleg for unge i vidaregåande opplæring.

Tabell 90:

- Sveio kommune har svært høge utgifter til kommunal skyss, som er skuleskyss under fire kilometer (2.-10. klasse) eller to kilometer (1. klasse). Utgiftene er og monaleg høgare enn i Kostragruppe 1 (samanliknbare kommunar). Dette fører med seg at born og unge får mindre fysisk aktivitet som følgje av at det er for farleg å gå eller sykla til skulen. Utbygging av trygge gang- og sykkelveggar inn mot skulane vil redusera kommunen sine utgifter til skyss og auka den fysiske aktiviteten.

Tabell 88: Skulehelsetenesta. Kjelde: sveio.kommune.no

